



Møtereferat

Politiske prosjektgruppe – politisk organisering

Møtedato: 11.09.2018	Møtestad: Møterom Anga – Førde rådhus
-----------------------------	--

Møtt	Ikkje møtt
Åsmund Berthelsen Norunn Lunde Furnes Kari Iren Birkeland Oddmund Klakegg Mathias Råheim Håkon Myrvang Olve Grotle Gunn Merete Paulsen Ole John Østenstad Malin Moldestad	Kari Valle

Møteleiar: Åsmund Berthelsen	Møtereferent: Malin Moldestad
-------------------------------------	--------------------------------------

Sak nr.	Sakstittel, omtale og konklusjon	Ansvar	Frist
1	Godkjenne møtereferat frå møte 27.08.18 <ul style="list-style-type: none">Gjennomgått og godkjent		
2	Drøfting av framlegg til reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår <ul style="list-style-type: none">Reisegodtgjersle: Prosjektgruppa ønskjer å endre reglementet slik at reisegodtgjersle vert dekkja i tråd med kommunen sitt reiseregulativ<ul style="list-style-type: none">Det er eit mål at heile kommunen skal vere representert, og kostnader med å reise skal verte dekkjaProsjektgruppa meiner det kan oppstå tilfelle der folkevalde har krav på vederlag for tapt inntekt og dekking av utgifter – formuleringa vert endra til at det som hovudregel berre vert utbetalt ein av delane.		
3	Drøfting av satsar for godtgjersle <ul style="list-style-type: none">Det er eit mål om å sikre god rekruttering av engasjerte folkevalde i Sunnfjord kommune. Godtgjerslereglementet kan bidra til dette		

	<p>og det er brei semje i prosjektgruppa om å auke satsane for godtgjersle</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ordførar <ul style="list-style-type: none"> ○ Satsen vert justert opp til 90 % av statsråd si grunnløn • Varaordførar <ul style="list-style-type: none"> ○ Prosjektgruppa vil auke godtgjersla til varaordføraren. Det er vanskeleg å føreseie kva rolle varaordføraren vil ha i ny kommune, men det er rimeleg å anta at arbeidsbyrda vert større og at vedkommande kan få ei anna rolle enn avløyssar for ordførarar, som den i hovudsak er i dag <ul style="list-style-type: none"> ▪ Mogleg at ordførar og varaordførarar vil dele på oppgåver og i større grad opptre som eit «team» ○ Det er mogleg å gje eit signal om forventningar til denne rolla i godtgjerslereglementet – viss satsen vert auka er det forventningar om større arbeidsbyrde ○ Konklusjon: satsen vert justert opp til 40 % av ordføraren si godtgjersle • Medlemmane i formannskapet <ul style="list-style-type: none"> ○ Satsen vert justert opp til 20 % av ordføraren si godtgjersle • Leiar i hovudutval og kontrollutvalet <ul style="list-style-type: none"> ○ Drøfting av rolla til leiarane i hovudutvala i ny kommune, ev. ekstra arbeid i tillegg til møteførebuing ○ Satsen vert justert opp til 10 % av ordføraren si godtgjersle • Gruppeleiarar <ul style="list-style-type: none"> ○ Drøfting av ordninga, om det bør differensierast mellom større og mindre partigrupper i kommunestyret ○ Prosjektgruppa støtta ordninga, men justerer opp startsatsen til 1,5 % av ordføraren si godtgjersle: <ul style="list-style-type: none"> ▪ 1-4 repr. i kommunestyret – 1,5 % ▪ 5-9 repr. i kommunestyret – 2,0 % ▪ 10-14 repr. i kommunestyret – 2,5 % ▪ 20-24 repr. i kommunestyret – 3,0 % ▪ 25-35 repr. i kommunestyret – 3,5 % • Tilskot til partigruppene i kommunestyret vert justert opp til 100 % av statstilskotet • Møtegodtgjersle <ul style="list-style-type: none"> ○ Satsen vert auka til 1 500 kr per møte, og 2 000 kr per møte for leiarar som ikkje får fast årleg godtgjersle ○ Møtegodtgjersle for ungdomsrådet vert justert opp til 200 kr, og 400 kr for leiar • Justering av reglementet: Sidan delegeringsreglementet ikkje er vedteke og det er vanskeleg å vite kva rolle, særleg varaordførar og leiarar for hovudutvala vil ha i ny kommune kan det bli behov for å justere reglementet <ul style="list-style-type: none"> ○ Dette må presiserast i saksutgreiing og framlegg til vedtak, prosjektgruppa ønskjer òg ei opning for justering i sjølve reglementet 		
4	Arbeidet vidare		

	<ul style="list-style-type: none"> • Sak om reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår vert behandla i fellesnemnda 17.10.18 <ul style="list-style-type: none"> ○ MM og OJØ gjer endringar i reglementet i samsvar med konklusjonar i møtet. Redigert reglement og saksutgreiing vert sendt til Åsmund Berthelsen for godkjenning ○ Prosjektgruppa bestiller ei oversikt over kostnader knytt til politisk arbeid i kommunane i dag • Reglement for ordførar, formannskap, utval mm. vert tema i neste møte 16.10.18 <ul style="list-style-type: none"> ○ MM og OJØ lagar eit forslag basert på Førde kommune sitt reglement og uthevar endringar tilpassa Sunnfjord kommune • Arbeidet med delegeringsreglementet bør starte tidleg og prinsipp for delegeringsreglementet vert drøfta i neste møte om det er tid til dette <ul style="list-style-type: none"> ○ Kommuneadvokaten vert kopla på arbeidet med delegeringsreglementet • Fastsett møteplan for hausten 2018: <ul style="list-style-type: none"> ○ 16.10.18, kl. 13.00-15.00 ○ 29.10.18, kl. 13.00-15.00 ○ 12.11.18, kl. 13.00-15.00 ○ 26.11.18, kl. 13.00-15.00 ○ 03.11.18, kl. 13.00-15.00 		
--	---	--	--

Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.